

# AUSTRHEIM KOMMUNE

## Sakspapir – administrativt vedtak

SAKSGANG			
Styre, utval, råd m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Delegert Rådmannen	22.03.2013	036/13	Asbjørn Nagell Toft

Avgjerd av: Austrheim kommune Saksansv .: ANT	Arkiv: GNR-139/9 Objekt:	Arkivsaknr 13/300
--	-----------------------------	----------------------

### Gnr 139/9 - Solend - bygging/ombygging av landbruksveg - Løyve

Saksdokument:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	19.03.2013	Gerd M. Solheim	Gnr 139/9 - Solend - bygging/ombygging av landbruksveg - søknad

Saka er avgjort etter fullmakt frå rådmannen

#### Vedtak:

Det vert gjeve løyve til omsøkt landbruksveg på gnr. 139, bnr. 9 på vilkår om at krav frå statens vegvesen vert følgd opp.

Grunngjevinga er at landbruksvegen er positiv for landbruksdrifta i området og fører til eit tryggare gardstun.

Løyvet er gjeve med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av vegar for landbruksformål, fastsett av Landbruksdepartementet 20.12.1996.

Asbjørn Nagell Toft  
avdelingsleiar


Utskrift sendt:

Austrheim, dato: \_\_\_\_\_ sign.:

**Saka gjeld:** Søknad om bygging av landbruksveg på om lag 100 meter på Solend. Omdisponeringa av jordbruksareal til vegbygging/landbruksveg er handsama i tidlegare delingsak i 2012.


**Saksopplysningar:**

Det er kome inn søknad den 19.03.2013 om bygging av landbruksveg på om lag 100 meter på Solend. Omdisponeringa av jordbruksareal til vegbygging/landbruksveg er handsama i tidlegare delingsak i 2012. Landbruksvegen vil og verte tilkomstveg for to andre bustadtomtar i området. Statens vegvesen har godkjent den nye avkjørsla her frå Fylkesveg 565 på vilkår den 05.09.2012. Den eksisterande avkjørsel til landbrukseigdomen skal mellom anna stengjast. Det vil og verta lettare å drifta landbruksarealet her med ny tilkomstveg for landbruksmaskiner. Det er ingen kjente kulturminneverdiar i dette området. Det er ikkje kome inn nabomerknadar i samband med omdisponeringssaka/delinga og vegsaka hausten 2012. Bilvegen skal halda vegklasse 3, det betyr at både personbilar og lastebilar skal kunne nytta vegen. Administrasjonen har hatt synfaring i saka. Søknaden ser slik ut:

 Statens landbruksforvaltning Norskogjen Agricultural Authority Storflingsgaten 28 Postboks 8140 Dep 0553 Oslo Telefon 24 13 10 00 Telefaks 24 13 10 05 postmottak@slf.dep.no		<b>AUSTRHEIM KOMMUNE</b>  <b>19 MARS 2013</b> Saksnr.: 13/300 Saksn.: ANT J.nr.: 2077-1 Arkiv: B9/2 Kopi:		<b>Søknad om bygging av landbruksveg</b>					
A. 2013	Fylke Hordaland	Kommune AUSTRHEIM							
<b>1. Grunnopplysningar</b>									
Namnet til saksjaren Gerd Marie Solheim									
Adresse SOLEVEGEN 150		Postnr. 5943	Poststad AUSTRHEIM						
Namnet til vegen 139/9/65/88		Planleggjar GERD MARIE SOLHEIM							
<b>2. Data for veg og dekningsområde</b>									
Interesser i vegen									
Skogbruk	% 50	Jordbruk	% 50	Busetjing	%	Seter/beiting	%	Anna	%
Er prosjektet ein del av ein hovudplan for vegar eller noko anna overordna?									
<input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei									
Er avkøying frå offentleg veg godkjend?									
<input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ikkje aktuelt									
Tall for vegens dekningsområde									
Totalareal	dekar	Prod.skog	dekar	5	Jordbruksareal	dekar	Hogstmoden skog	m <sup>2</sup>	
Anna:									
Planlagt vegklasse									
Bilveg	<input type="checkbox"/> 2	<input checked="" type="checkbox"/> 3	<input type="checkbox"/> 4	<input type="checkbox"/> 5	Vinterbilveg	<input type="checkbox"/> 6			
Traktorveg	<input type="checkbox"/> 7	<input type="checkbox"/> 8			Enkel veg	<input type="checkbox"/>			
Nyanlegg	80	meter	Ombygging	10	meter	Interessentar	3	stk.	
Berekn økonomisk gevinst									
Transportgevinst skogbruk			kr	Berekn byggekostnad			kr		
Transportgevinst jordbruk			kr						
Anna			kr	Sum transportgevinst			kr		
Er naboer og rettshavarar varsla? <input checked="" type="checkbox"/> Nei, ikkje aktuelt <input type="checkbox"/> Ja, lista ligg ved									
<b>3. Kjende miljøverdiar i området (marker på kartvedlegga)</b>									
Miljøverdiar som krev uttaling frå fylkesmannen:									
Verna vassdrag	<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei	<input type="checkbox"/> Villmarksprega naturområde (> 5 km frå tyngre teknisk inngrep)						
Areal med annan spesiell miljøstatus	<input checked="" type="checkbox"/> Nei	<input type="checkbox"/> Ja, spesifiser i feltet nedanfor.							
Andre miljøverdiar i området:									
Sårbart planteliv									
Kjente kulturminne									
Viktige område for friluftsliv									
Kulturlandskap, landskapsbilete									
Anna									
<input type="checkbox"/> Reindriftsinteresser <input type="checkbox"/> Inngrepsfrie område 3-5 km <input type="checkbox"/> Inngrepsfrie område 1-3 km <input type="checkbox"/> Verneskog <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei									
<b>4. Underskrift</b>									
Eg veit at bygginga ikkje kan setjast i verk utan løyve frå kommunen.									
Stad og dato AUSTRHEIM, 19/3 - 2013		Underskrift Gerd M. Solheim							

### Vurdering:

Rådmannen synes at vegtraseen er god og meiner den er i tråd med delingsløyve og omdisponeringsaka til denne landbrukseigedomen hausten 2012. Vilkåra sett av Statens vegvesen må følgjast opp før den nye vegen skal takast i bruk. Eksisterande veg må stengjast fysisk i tråd med vegvesenet sine krav før den nye landbruksvegen og avkjørsla vert teken i bruk. Rådmannen er positiv til at landbruksinteressene vert godt ivaretekne med den nye landbruksvegen. Det vil gjera det lettare å drifta landbruksareala på garden, det fører og til eit tryggare gardstun at ein unngår køyring forbi det til dei to andre bustadtomtane som brukar vegen. Det er viktig at den nye tilkomstvegen vert tinglyst som ein rett på desse eigedommane, og at det vert skriven ein avtale om vedlikehald og vegrettar her mellom alle partane som brukar vegen. Sidan landbruksvegen og vart handsama i samband med delingssøknaden på gnr. 139, bnr. 9 er det ikkje naudsynt etter rådmannen sine vurderingar å senda den til Fylkesmannen i Hordaland. Rådmannen vil peika på at vedtaket hjå Statens vegvesen er førande for korleis arbeidet skal skje og korleis landbruksvegen skal byggjast mot fylkesvegen.



<http://10.101.1.37/innsynaustrheim/AdvancedPrintComponent/PrintForm.aspx?knr=1264&...> 13.02.2013

### Konklusjon:

Det vert gjeve løyve til omsøkt landbruksveg på gnr. 139, bnr. 9. Grunngevinga er at den er positiv for landbruksdrifta i området og fører til eit tryggare gardstun. Avkjørsla frå fylkesvegen vert og betre og tryggare.

## Melding om rett til å klaga på forvaltningsvedtak

Klagerett: (forvaltningslova (fvl) § 28)	Den som er part eller har rettsleg klageinteresse, har rett til å klage over vedtaket
Kven kan det klagast til: (fvl § 28)	Klagen kan rettast til overordna forvaltningsorgan som er Fylkesmannen i Hordaland. Klagen skal sendast til Austrheim kommune
Klagefrist: (fvl §§ 29,30 og 31)	Klagefristen er tre – 3 – veker frå den dag brevet/vedtaket kjem fram til vedkommande part. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt før fristen går ut. Dersom klagen kjem inn etter at fristen er gått ut vil den bli avvist. Klagen kan likevel bli vurdert dersom det føreligg særlege grunnar som tilseier det. Det må difor opplysast om årsaka til forsinkelsen. Ein klage som er avgjort av Fylkesmannen kan ikkje påklagast.
Rett til å krevja grunngjeving: (fvl § 24 og 25)	Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngjeve, kan det setjast fram krav om det. Slik krav må framsetjast innan klagefristen. Klagefristen blir i så fall avbroten og ny frist vert rekna frå den dag grunngjevinga har kome fram til klagar
Innhald i klagen: (fvl § 32)	I klagen må nemnast vedtaket som det vert klaga over og kva ein ønskjer å endra. Det må grunngjevast og visast til dei moment som kan vera relevante for avgjering i saka. Klagen må underteiknast av klagar eller ein fullmektig for klagar.
Utsetjing av gjennomføring av vedtaket: (fvl §§ 31 og 42)	Sjølv om partane har klagerett, kan vedtaket vanlegvis gjennomførast straks. Ein kan søkja om få utsett iverksetjing av vedtaket til klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til om iverksetjing av vedtaket kan utsetjast.
Rett til å sjå saksdokumenta og krav om veiledning: (fvl § 11)	Med visse begrensingar har partane rett til å sjå dokumenta i saka. Ein må då ta kontakt med Austrheim kommune. Der vil ein og kunne få nærare veiledning om adgangen til å klage og den vidare sakshandsaminga.
Kostnader ved klagen: (fvl § 36)	Det kan søkjast om å få dekkja utgifter til nødvendig advokathjelp. Men her gjeld visse inntekts- og formuegrenser. Fylkesmannen eller advokat kan gje nærare veiledning. Det er og lov å krevja dekning for vesentlege kostnader i samband med klagesaka, f. eks advokathjelp. Dette forutset vanlegvis at underinstansen har gjort ein sakshandsamingsfeil som fører til endring av vedtaket. Klageinstansen vil kunna orientere om retten til å krevje slik dekning.